



## Framlegg til Arbeidsplan for Sogn og Fjordane Nei til EU 2019

Sogn og Fjordane Nei til EU skal arbeide for å fremje kritiske EU-spørsmål i debatten i Sogn og Fjordane. Saker som direkte eller indirekte angår innbyggjarane i Sogn og Fjordane skal løftast fram, og koblingar til EU skal tydeleggjerast der desse er gjeldande. Sogn og Fjordane Nei til EU er ein partipolitisk uavhengig organisasjon som skal ha rom for folk frå alle grupper som ønskjer arbeide mot eit norsk EU-medlemskap og for eit meir kritisk blikk på våre koblingar til EU. I Sogn og Fjordane Nei til EU arbeider vi for ein inkluderande og sunn organisasjonskultur, og eventuelle tilfelle av trakassering eller uakseptabel oppførsel av eit medlem skal meldast til nærmaste tillitsvalde, og handterast på ein ryddig og ansvarleg måte. Alle tillitsvalde i Sogn og Fjordane Nei til EU har mynde til å ta saker vidare til leddet over dersom naudsynt.

For året 2019 skal Sogn og Fjordane Nei til EU:

- Arbeide systematisk for å rekruttere nye medlemmer, spesielt frå grupper som i dag er underrepresenterte
- Bidra til utvikling i lokallaga gjennom å stille som innleiarar, støtte økonomisk, eller bistå lokallaga på andre måtar
- Være synlege i media, med minst tre utspel signert fylkesstyret i løpet av 2019.
- Utvikle vår tilstadevering på sosiale medier og auke talet på følgjarar på Facebook til minst 300.
- Planlegge og avhalde eitt eller fleire arrangement i løpet av hausten 2019 for å markere 25 år sidan Noreg sa nei til EU
- Vidareføre og styrke samarbeidet med organisasjonar som vi tidlegare har samarbeidd med, vurdere moglegheiter for samarbeid med andre som kan tenkjast å være konstruktive samarbeidspartnarar.